

› Kommunalt kartverk og oppmåling

Området kommunalt kartverk og oppmåling er no delt då oppmåling er sjølvkostteneste og skal dekkjast av gebyr, medan kommunalt kartverkt ikkje er det. Kostnader er ført på kommunalt kartverk som ikkje høyrer til her pga manglande budsjettering/fordelingsnøkkel.

Marine grunnkart: Nordre Sunnmøre er eitt av tre pilotområde i landet som skal kartleggast av kartverket og data skal samanstillast. Giske kommune er vertskommune for samarbeid med nabokommunene. Arbeidet vil bidra til å bygge bererekraftige byar og sterke distrikt, gjennom å tilrettelegge for havbruk, fiske og høsting av dei marine ressursane i kystområda – utan å øydeleggje verdifulle økosystem.

Det er tilrettelagt for døgnåpen forvaltning gjennom digitale verktøy som gjer publikum og brukarar meir sjølvhjelpete;

- E-torg – Publikum kan sjølve ordne alt av produkter til byggesøknad, prosjektering eller omsetning av eiendom raskt og effektivt.
- Meld feil/ønsker – lagt inn som snarveg på startside. Informasjon om kven som skal kontaktas.
- Byggesak, plan og deling har tatt i bruk ACOS Eigedom som effektiviserer behandling av innkomne saker.
- Forhåndskonferanse skal no bestillast på nettsida.

Oppmåling er sjølvfinansierende, dekt av kundane.